

Vedtekter konsesjons- og næringsfondet, vedteke i kommunestyret 16.2.12, sak 11/12.

Godkjent av fylkesmannen mars 2012.

§ 1. Heimel, kapital og avkastning.

A. Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr 2.000.000,- innbetalt av Statkraft i medhald av punkt 10 i konsesjonsvilkåra for Leirdøla, oppretta ved kongelig resolusjon av 23.08.1974, og kr 20.000.000 innbetalt av Statkraft i medhald av punkt 2 i konsesjonsvilkåra for Jostedalsvassdraget, oppretta ved kongelig resolusjon av 29.06.1984.

Fondskapitalen kan ikkje nyttast til lån eller tilskot.

B. Avkastning er:

Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalte av konsesjonseigarane i medhald av konsesjonsvilkåra for fylgjande utbyggingar: Fortun Granfasta, Utlavassdraget, Leirdøla, Årøyvassdraget, Jostedalsvassdraget og Kolstadvassdraget.

Renter og anna avkastning på fondskapitalen.

§ 2. Føremål.

Avkastinga av fondet skal særleg nyttast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og vidareutvikling av eksisterande verksemder i Luster kommune. Fondet kan også nyttast til kommunale fellestiltak/grunnlagsinvesteringar, kommunalt utviklingsarbeid herunder næringsarbeidet i kommunen og kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Kommuneplanen i Luster, årsbudsjettet/økonomiplanen for Luster kommune og "Grunnlag for handsaming av næringssaker i Luster kommune", skal vere retningsgjevande for bruken av fondet.

§ 3. Forholdet til internasjonale forpliktingar på statsstøtteområdet.

Bruken av fondet skal vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 4. Stønadsformer.

Fondet si avkastning kan nyttast til:

Tilskot til bedriftsutvikling herunder undersøking, planlegging og prosjektering, oppstarting, produktutvikling, marknadsundersøking og marknadsføring, opplæring/kompetanseutvikling

Lån til investeringar i maskiner/utstyr og bygningar ved oppstarting og utvikling av verksemder.

Unntaksvis kan fondet teikne andeler eller aksjar i tiltak når tiltaket har særleg stor verdi for næringslivet i kommunen, men avgrensa til 30 % av verksemda sin aksjekapital. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser

§ 5. Stønadsvilkår.

Samla stønad frå fondet til private nærings tiltak skal som hovedregel ikkje utgjere meir enn 30% av samla kapitalbehovet for prosjektet.

Prosjekt som gjev stor sysselsettingseffekt for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Det kan ikkje ytast stønad til løpande drift av verksemder.

Lån- og lånevilkår:

- renta er 4 % p.a. etterskot. Kommunestyret kan endre renta ved særskildt vedtak.
- lengste avdragstid på lån til bygningar er 15 år.
- avdragstida på lån til maskiner og utstyr, varierer med levetida.
- rente- og avdragsfridom kan ytast i inntil 3 år
- lån skal sikrast med pant eller personleg ansvar
- lån skal nedbetalast med like store årlege avdrag.

§ 6. Forvaltning.

Næringsutvalet avgjer saker med med tilsagnsbeløp inntil kr 200.000 i lån og kr 75.000 i tilskot, løyvingar ut over det skal handsamast av kommunestyret.

Kommunestyret kan vidaredelegere til administrasjonen å gjere vedtak i saker som må reknast for å vera kurante.

Eit mindretal i næringsutvalet kan anke ei sak inn for kommunestyret.

Fondsmidlane vert plasserte som ein del av den totale finansforvaltningen til kommunen. Fondet si avkastning vert vedteke årleg av kommunestyret, som ein del av kommunen si totale finansforvaltning.

§ 7. Rapportering.

Kommunen si økonomiavdeling fører rekneskap for fondet og har ansvaret for innkreving av rente- og avdrag. Rekneskapet er ein del av kommunen sin rekneskap og vert revidert av kommunen sin revisor.

Næringsarbeidet i Luster kommune inkludert verksemda til fondet vert rapportert som ein del av kommunen sin årsrapport.

Gjenpart av årsrapport skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8. Godkjenning av vedtektene.

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.